

MØTEINNKALLING

Utval: Komite for helse og omsorg
Møtestad: Herøy omsorgssenter, møterom avdeling for tenestekoordinerings
Dato: 01.02.2018
Tid: 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 26.01.2018

Bjørn Otterlei
Leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/18	Protokoll frå førre møte
PS 3/18	Referatsaker
PS 4/18	Busetting av flyktningar 2018
	Referatsaker
RS 1/18	Varsel om oppstart og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn

PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/18 Protokoll frå førre møte

PS 3/18 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	MAYERT	Arkivsaknr:	2017/1321
		Arkiv:	F31

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/18	Komite for helse og omsorg	01.02.2018
	Formannskapet	06.02.2018
	Kommunestyret	15.02.2018

BUSETTING AV FLYKTNINGAR 2018

Tilråding:

Herøy kommune kan busette inntil 10 flyktningar i 2018.

Særutskrift:
Helse og omsorg
Oppvekst
Eigedomsavdelinga

Vedlegg:

1 Oppmoding om busetting av flyktningar i 2018

Saksopplysningar

Herøy kommune vedtok i 2017 å busette 23 flyktningar. Av desse 23 har vi tatt i mot og busett 4 flyktningar. I tillegg har vi ei familie på 4 som sit i mottak og ventar på at husværet skal bli ferdigstilla. Dei vil mest sansynleg verte busette i januar 2018, og er ikkje rekna inn blant dei det vert gjort vedtak på i denne saka. På tampen av året, 2017, takka Herøy kommune nei til å ta i mot 2 store familiar på tilsaman 15 stk. Dette vart gjort då kommunen ikkje kunne skaffe bustad til dei.

IMDI har kome med oppmoding om busetting for 2018, og Herøy kommune vert då bedt om å ta i mot 10 flyktningar. Kommunen vert oppmoda om å gjere eit presist vedtak på kor mange vi kan ta imot.

Integreringstilskot

Det vert utbetalt integreringstilskot i 5 år etter at ein flyktning har kome til kommunen. Beløpet er høgst 1. og 2 året.

For å få forventa Integreringstilskot i 2018 er det ei føresetnad at kommunen klarar å busette det vi har fatta vedtak på.

Satsane på integreringstilskotet for 2018 er ikkje ferdighandsama, men satsane for 2017 vert lagt ved, og forslag til satsar i 2018.

Tilskudd	Sats 2017 (kr)	Sats 2018 (kr)
	235 000 (enslige voksne bosatt i 2017)	237 000 (enslige voksne bosatt i 2018)
Integreringstilskudd år 1	185 000 (voksne bosatt i 2017) 185 000 (enslige mindreårige bosatt i 2017) 185 000 (barn bosatt i 2017)	187 000 (voksne bosatt i 2018) 187 000 (enslige mindreårige bosatt i 2018) 187 000 (barn bosatt i 2018)
Integreringstilskudd år 2	230 000 (alle bosatt i 2016)	239 000 (alle bosatt i 2017)
Integreringstilskudd år 3	167 000 (alle bosatt i 2015)	171 000 (alle bosatt i 2016)
Integreringstilskudd år 4	84 000 (alle bosatt i 2014)	85 500 (alle bosatt i 2015)
Integreringstilskudd år 5	70 500 (alle bosatt i 2013)	71 600 (alle bosatt i 2014)
Barnehagetilskudd	25 100 (barn under 5 år bosatt i 2017)	25 800 (barn under 5 år bosatt i 2017)
Eldretilskudd	164 200 (voksne som har fylt 60 bosatt i 2017)	167 600 (voksne som har fylt 60 bosatt i 2018)

Bustad

Det er ein føresetnad for å busetje flyktingar at kommunen klarer å skaffe/har ledige bustader.

Sektor Oppvekst, barnehage

Kommunane mottok eige barnehagetilskot. Dette er eit eingongstilskot for år 1. Dette er eit tilskot som går til barnehagen direkte, og er variabelt etter kor mange barn som treng barnehageplass. Om barnehagen treng meir ressursar til oppfølging, også utover 1. året, skal ekstrautgiftene til det dekkast av det ordinære tilskotet kommunen mottok så langt det let seg gjere.

Leiar for dei kommunale barnehagane uttaler at det truleg er kapasitet til å ta imot barn i 2018. Det har ikkje vore undersøkt med dei private barnehagane om dei har ledig kapasitet.

Sektor Oppvekst, grunnskule

Skuleavdelinga får ikkje statlege tilskot til norskopplæring av minoritetsspråklege barn, og opplyser at dei er avhengig av å få del i integreringstilskotet for å klare å yte forsvarlege tenester.

Flyktingtenesta

Flyktingtenesta har personellressursar til å busetje 10 flyktingar i 2018.

NAV

Mange av flyktingane har behov for supplerande økonomisk sosialhjelp både medan dei er i Introduksjonsprogrammet og etterpå. NAV har også plikt etter rundskriv Q – 27/2015 til å delta aktivt i høve Introduksjonsprogrammet. Dette kan krevje ekstra ressursar frå NAV, både økonomisk og i form av auka personellressurs.

Helsestasjon

Helsestasjonen har kapasitet til å ta imot 10 flyktingar i 2018.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen konkluderer med at Herøy kommune kan imøtekomme ynskje frå IMDI om å busetje 10 flyktingar i 2018. IMDI ber om at det vert gjort presise vedtak, men utfrå situasjonen i bustadmarkedet, både i kommunal sektor og med private utleigarar må ein ta atterhald om at Herøy kommune klarer å skaffe eigna bustad.

Konsekvensar for folkehelse:

Det er positivt for flyktingane som får busetje seg i kommunen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjente.

Konsekvensar for drift:

Ingen kjente.

Fosnavåg, 07.12.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef Helse og omsorg

Sakshandsamar: May Gunn Ertesvåg

40

**IMDi**Integrerings- og
mangfoldsdirektoratet**Herøy kommune**

Ber om at brevet vert distribuert til:
Ordførar
Rådmann

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg nr.	Saksbeh.
- 6 NOV 2017	
Ark kode P	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr.
Kassasjon	

Dykkar ref:

Vår ref:16-01354

Dato:
6.11.2017

Oppmoding om busetting av flyktningar i 2018

Norske kommunar har dei siste åra gjort ein formidabel innsats med busetting og kvalifisering av flyktningar. Busetting er det første skrittet i integreringsprosessen i kommunen. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) takkar kommunen for innsatsen i dette arbeidet.

No ber vi kommunen om å busette 10 flyktningar i 2018. Av desse, ber vi om at 0 plassar vert atterhaldt til einslege mindreårige.

Frist for å svare på oppmodinga er 6. januar 2018.

Kommunen må sende vedtaket sitt til post@imdi.no med kopi til nina.gran@ks.no og samstundes registrere det i IMDi sitt fagsystem for busetting. For tilgang til fagsystemet og meir informasjon om planlegging og busetting, sjå <https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/>

Vi oppfordrar kommunane til å fatte presise vedtak for det talet på flyktningar som kommunen skal busette. Vedtaket skal ikkje inkludere familiesameinte eller ha andre atterhald.

Bakgrunn for tala

Dei siste prognosane viser at behovet for busetting i 2018 vil vere rundt 4 400 flyktningar, inkludert 150 einslege mindreårige. Årsaka til redusert behov for busetting er at færre søker asyl i Noreg.

Det betyr at om lag halvparten av kommunane som har busett flyktningar dei siste åra, vert oppmoda om å busette flyktningar i 2018. Kommunane som vert oppmoda vert beden om å busette langt færre enn tidlegare.

Både statleg og kommunal sektor er samd om at det skal takast utgangspunkt i nokre felles kriterium ved vurdering av fordeling av flyktningar for 2018. Desse kriteria inkluderer innbyggartal, sysselsettingsnivå og resultat i introduksjonsprogrammet over tid.

Kontakt

Ta kontakt med IMDi Midt-Norge dersom dykk ynskjer dialog om oppmodinga og busetting av flyktningar. Vi deltar gjerne på møte med kommunen, i samarbeid med andre statlege aktørar på feltet.


Med helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Marit Elin Eide
regiondirektør IMDi Midt-Norge

Dokumentet er godkjend elektronisk og treng difor ikkje signatur.

Referatsaker

RS 1/18 Varsel om oppstart og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn Varsel om oppstart og utlegging av planprogram helse og omsorg til offentlig ettersyn 22.12.2017 00:00:00 MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE m.fl.



MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
Postboks 2500
6404 MOLDE

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2017/1545	141		PO	22.12.2017

KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE OG OMSORG – VEDTAK OM OPPSTART OG UTLEGGING AV PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Kommunestyret i Herøy vedtok i møte 14.12.17 oppstart av arbeid med revidering av kommunedelplan for helse og omsorg, og utlegging av planprogram for offentlig ettersyn.

Planprogram skal vere eit verktøy for å sikre tidleg medverknad og avklaring av viktige omsyn må takast med i planarbeidet. Planprogrammet skal angi føremål med planarbeidet, peike på viktige problemstillingar, behov for utgreiingar og skildre korleis planarbeidet er tenkt gjennomført.

Interesserte vert bedne om å kome med innspel og synspunkt til planprogram etter offentlig ettersyn før det vert fastsett av formannskapet. Etter at det endelege planprogrammet er fastsett skal arbeidet med kommunedelplan for helse og omsorg gjennomførast.

Planprogram ligg til høyring i seks veker i perioden 03.01.18 – 14.02.18.

Alle merknadar til planprogrammet skal vere skriflege og sendast til Herøy kommune innan 14.02.18.

Med helsing

Renathe Rossi-Kaldhol

Gro Anett Frøystad Voldsund

Kommunalsjef
Helse og omsorg

Sakshandsamar
Pleie- og omsorgsavdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Ungdomsrådet i Herøy

Eldrerådet i Herøy

Barnerepresentanten i Herøy

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Alle politiske komitear



Helse og omsorg

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr:	2017/1545
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
46/17	Komite for helse og omsorg	07.12.2017
166/17	Kommunestyret	14.12.2017

VARSEL OM OPPSTART AV ARBEID MED KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE OG OMSORG, OG UTLEGGING AV PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-12 å starte opp arbeidet med kommunedelplan for helse og omsorg.
2. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-13 å legge vedlagde forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn i minimum seks(6) veker (jfr forslag datert 24.11.17)

Møtebehandling i komite for helse og omsorg 07.12.2017:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 07.12.2017

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-12 å starte opp arbeidet med kommunedelplan for helse og omsorg.
2. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-13 å legge vedlagde forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn i minimum seks(6) veker (jfr forslag datert 24.11.17)

Møtebehandling i kommunestyret 14.12.2017:

Komite for helse og omsorg si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

3. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-12 å starte opp arbeidet med kommunedelplan for helse og omsorg.
4. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-13 å legge vedlagde forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn i minimum seks(6) veker (jfr forslag datert 24.11.17)

<<Skriv tilrådinga over denne teksten – ikkje slett denne meldinga – den kjem ikkje med på utskrifta>>

Særutskrift:
Utviklingsavdelinga, her
Helse og omsorg her

Vedlegg:

Vedlegg 1: Forslag til planprogram for kommunedelplan for helse og omsorg, datert 24.11.2017

Saksopplysningar:

Det vert varsla oppstart av arbeidet med kommunedelplan for helse og omsorg og forslag til planprogram vert lagt ut for offentleg ettersyn.

Dagens kommunedelplan for helse og omsorg gjeld frå 2013 til 2020. Herøy kommune gjennomførte våren 2017, ei evaluering av sektor helse og omsorg. Grunnlaget for denne evalueringa, skulle munne ut i eit arbeid med ein heilskapleg utviklingsplan for ansvarsområdet til helse og omsorgssektoren, og ei prioritering og utvikling av bygningsmassen for sektoren. På dette grunnlag vert kommunedelplanen rullert tidlegare enn det planstrategien for Herøy frå 2016-2020 har lagt opp til.

Ei arbeidsgruppe bestående av administrasjon og politiske representantar, har utarbeidd forslag til planprogram for kommunedelplan for helse og omsorg som no er klart til å leggast ut til offentleg ettersyn. Arbeidsgruppa har innhenta innspel frå leiargruppa i sektor for helse og omsorg, og helse og omsorgskomiteen som styringsgruppe for planen.

I det vidare planarbeidet vert det lagt til rette for medverknad frå innbyggjarar, brukarar, råd, politikarar og fagfolk som vil bli berørt av denne planen.

Vurdering og konklusjon:

Planprogram ligg no føre til handsaming. Helse og omsorgskomiteen har som styringsgruppe hatt utkastet av planen til vurdering, før planprogrammet vart sendt til formell handsaming.

Planprogrammet trekkjer opp ein struktur og ramme for arbeidet, og rådmannen ser ikkje at dei formelle rammene set grenser for involvering og kunnskapsinnhenting. Ressurssenteret for omstilling (RO), er tenkt inn som ein ekstern ressurs i prosessarbeidet med framtidsfokuset på helse og omsorg i Herøy.

Auka underfinansierte oppgåver til kommunane, kombinert med sterkt rettighetsfokus set større krav til politisk styring og fagleg tenesteyting. Det digitale samfunnet generelt og utviklinga av velferdsteknologien spesielt, vil bety mykje for måten vi leverar tenester på i framtida. Det er derfor viktig å skaffe seg god kunnskap om korleis kommunen kan innrette seg for framtida.

Rådmannen rår til at formannskapet gjer følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-12 å starte opp arbeidet med kommunedelplan for helse og omsorg.
2. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova §11-13 å legge forslag til planprogram ut til offentleg ettersyn i minimum seks(6) veker.

Konsekvensar for folkehelse: Korleis kommunen innrettar seg innan tenesteområdet har stor betydning for folkehelsearbeidet.

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift: Kommunen må ha ein framtidsretta plan for arbeidet innan helse og omsorgssektoren. Oppgåvene veks medan dei kommunale inntektene ikkje veks tilsvarande. Skal vi møte framtida, må det vere med kostnadseffektivitet i tillegg til god kvalitet.


Fosnavåg, 24.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef helse og omsorg

Sakshandsamar: Renathe Rossi-Kaldhol

**KOMMUNEDELPLAN FOR
HELSE OG OMSORG
2019-2027**



PLANPROGRAM
SIST REVIDERT 24.11.17
VARSEL OM OPPSTART 03.01.18



1. Bakgrunn

Dagens kommunedelplan for helse og omsorg gjeld frå 2013 til 2020. Herøy kommune gjennomførte våren 2017, ei evaluering av sektor helse og omsorg. Grunnlaget for denne evalueringa, skulle munne ut i eit arbeid med ein heilskapleg utviklingsplan for ansvarsområdet til helse og omsorgssektoren, og ei prioritering og utvikling av bygningsmassen for sektoren. På dette grunnlag vert kommunedelplanen rullert tidlegare enn det planstrategien for Herøy frå 2016-2020 har lagt opp til.

2. Planprogram

Dette planprogrammet skal vere eit verktøy for å sikre tidleg medverknad og avklaringar av viktige omsyn som må takast med i planarbeidet. Den skal angi formålet med planarbeidet, peike på viktige problemstillingar og utredningsbehov for skildre korleis planarbeidet er tenkt gjennomført.

Interesserte vert bedne om å kome med innspel og synspunkt til planprogram gjennom offentlege ettersyn før det vert fastsett av Formannskapet. Etter at det endelege planprogrammet er fastsett skal arbeidet med helse og omsorgsplan fullførast.

3. Planarbeidet sitt formål

Kommunedelplanen for helse og omsorg skal fungere som eit overordna styringsverktøy for utviklinga i sektoren for helse og omsorg i Herøy kommune. Planen skal angi kva strategi kommunen har for framtidens tenester i sektoren. Strategien skal ha betydning for utvikling og prioritering av tenester og bygg, som skal konkretiserast i handlingsplanar, årsplanar og budsjettdokument.

Planen skal vektlegge korleis kommunen bør møte utfordringar innan forventa folkevekst, alderssamansetning og nasjonale utviklingstrekk for helse og omsorgstenester. Kva betydning vil digitaliseringa i samfunnet få for utviklinga av velferdstenester? Planen må peike på korleis kommunen skal utvikle gode og



heilskapelege tenester, med riktig dimensjonering, tilbod og kvalitet på tvers av fagområda, og i samarbeid med pasientar/brukarar sett i lys av forventa utvikling.

Kommunedelplanen skal fungere som eit overordna styringsverktøy til andre temaplanar brukt i helse og omsorgssektoren. Dessutan skal den understøtte kommuneplanen sin overordna visjon og målsettingar.

4. Rammer og føringar

Nasjonale sentrale og førande dokumenter:

- LOV-2011-06-24-30, Lov om kommunale helse og omsorgstenester.
- LOV-2011-06-24-29, Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)
- LOV-1999-07-02-63, Lov om pasient- og brukerrettigheter (pasient og brukerrettighetsloven), med endringslov
- LOV-1999-07-02-64, Lov om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven), med endringslov
- LOV-2015-09-04-85 fra 01.07.2016, Lov om barneverntjenester (barnevernloven)
- LOV-2016-12-20-105 fra 01.01.2017, Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven)
- St.meld.nr.47 (2008-2009) Samhandlingsreformen
- St. meld. Nr.25 (2005-2006) Mestring, muligheter og mening.
- Meld. St. 29 (2012–2013) Omsorgsplan 2020
- Melding St. 26 (2014-2015) Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet (Primærhelsemeldinga)
- Meld. St. 17(2015–2016) Trygghet og omsorg, Fosterhjem til barns beste
- Demensplan 2020. Regjeringen.
- Opptappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019. (HOD)
- Leve hele livet – kvalitetsreform for eldre
- SSB/KOSTRA-IPLOS



- Andre relevante planer, rundskriv og veiledere.

I tillegg skal grunnlagsdokumentasjon etter evalueringa av helse og omsorgstenestene, gjennomført av Ressurssenteret for omstilling (RO) for Herøy kommune, leggest til grunn for arbeidet.

5. Sektor for helse og omsorg

Sektor for helse og omsorg omfattar følgjande tenester:

Institusjon (Sjukeheim)

Heimetenester

Omsorgsbustadar, med og utan bemanning

Avlastingstilbod

Støttekontakt

Dagtilbod

Helsestasjon og skulehelseteneste

Legeteneste

Rehabilitering/Fysio/-Ergoterapi

Psykisk helse og rus

Sosiale tenester i NAV

Bustadsosialt arbeid

Flyktingeteneste

Barnevern



6. Planperiode

Det vert lagt til grunn at ny kommunedelplan for sektor helse og omsorg skal vere gjeldande i åtte år. Strategival krev ei heilskapleg planlegging over tid.

Handlingsprogram vert revidert kvart fjerde år, årsplanar og budsjettdokument, knytt til oppfyllinga av strategien, vert revidert årleg. I samband med utarbeiding og revidering av kommunal planstrategi vil det kvart fjerde år bli vurdert om kommunedelplan for helse og omsorg skal rullerast eller reviderast.

7. Målstruktur

Det er utarbeidd følgjande mål for planarbeidet:

Effektmål som skal angi verknadene av planarbeidet

Tenester:

- Bidra til å utvikle eit heilskapleg tenestetilbod, som vert opplevd koordinert.
- Bidra til at ein får rett teneste, til rett tid, av rett omfang og på rett omsorgsnivå.
- Bidra til at helse og omsorgstenestetilbodet vert gjeve med utgangspunkt i kva pasient og brukar sjølv har som mål for eigen livskvalitet, og får bruke eigne ressursar og ferdigheiter aktivt.

Organisasjon/samfunn:

- Klargjøre strategiar for framtidias helse og omsorgspolitikkk. Bli samde om ideologi, retning, prioritering, lokalisering og konsekvens.
- Bidra til at kommunen tek i bruk velferdsteknologi i utviklinga av tenestetilbodet.
- Bidra til at kommunen arbeider førebyggjande, med folkehelse, mestring og rehabilitering.
- Bidra til at rekruttering og kompetanse er i tråd med framtidige behov.



Resultatmål som beskriv dei mål som skal realiserast gjennom planarbeidet

- Det er utarbeidd ein heilskapleg plan for kommunen sine tenester i sektor for helse og omsorg, som tydeleg er avklart mot andre kommunale planer.
- Planen har ein konkret handlingsdel, med prioritering av gjennomføring og lokalisering, der økonomiske og kvalitative konsekvensar er skissert for det enkelte tiltak.
- Planen er lett tilgjengeleg for innbyggjarar, brukarar, tilsette, samarbeidspartar og andre.

8. Organisering/medverknad/metodeval

Styringsgruppe

Helse og omsorgskomiteen er styringsgruppe for arbeidet saman med ein representant frå eldrerådet, ein frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ein representant frå ungdomsrådet.

Prosjektgruppe

Prosjektgruppa består frå fagsida av kommunalsjef for helse og omsorg, avdelingsleiar for pleie og omsorg, avdelingsleiar for tenestekoordinering, avdelingsleiar for barn, familie og helse, avdelingsleiar for bu og habilitering og kommuneoverlege. Andre kan verte engasjerte ved behov. Frå den politiske arenaen vert leiar og nestleiar i helse og omsorgskomiteen, samt ein politikar frå opposisjonen inkludert. I tillegg vert to hovudtillitsvalde og hovudverneombodet invitert inn i arbeidet. Kommunalsjef for helse og omsorg er prosjektleiar, og rapporterer til styringsgruppa i kvart møte.



Arbeidsgrupper

Prosjektgruppa vil sette ned temabaserte og tverrfaglege arbeidsgrupper i arbeidet, som skal arbeide med det faglege innhaldet i planen. Velferdsteknologiske løysingar skal vere vektlagt. Arbeidsgruppene skal ha ein leiar og ein sekretær, og skal rapportere til prosjektgruppa i kvart møte.

Andre interne ressursar

Utviklingsavdelinga vil sikre at planarbeidet er i tråd med plan og bygningslova sine reglar og vil bidra inn i ei arbeidsgruppe.

Eksterne ressursar

Ressurssenteret for omstilling (RO), vert innleidd til å leie prosessarbeidet, der vi skal sikre brei involvering blant innbyggjarar, brukarar, råd, politikarar og fagfolk.

- Prosessarbeidet skal ha eit framtidsfokus. «Helse og omsorg i framtida»
- Prosessen skal gi svar på strategi, ideologi, retning, ønskjeleg prioritering og lokalisering av/for tenestetilbod.
- Prosessen skal seie oss korleis velferdsteknologien vil, og bør forme tenestetilbodet i Herøy.
- Prosessen skal seie oss korleis vi skal arbeide best mogleg innan førebyggjande arbeid, folkehelse, meistring og rehabilitering.
- Prosessarbeidet skal ende opp i ein eigen sluttrapport.
- Sluttrapporten frå RO vil ligge til grunn for val av strategiar og tiltak i handlingsdelen.



9. Skissert tidsplan

2017

November – Desember: Utarbeiding av planprogram

2017/2018

Desember – Januar: Fremje sak om oppstart med planprogram for komitear og Kommunestyret

Februar – Mars Utlekking av planprogram til offentlig ettersyn (6 veker, 02. februar - 16. mars)

April: Fremje sak om stadfesting av planprogram til Formannskapet.

April – September Arbeidsperiode med revidering av Kommunedelplan for helse og omsorg, innhenting av RO mm.

September – Oktober: Utlekking av Kommunedelplan til offentlig ettersyn(6 veker).

Oktober – November: Bearbeiding av planforslag etter offentlig ettersyn.

November – Desember: Kommunedelplan vert fremja for slutthandsaming via komitear og Formannskap før vedtak i Kommunestyret (13. desember 2018?).